



■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

25116/2013

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 15.2.2013	Fylkeshuset, møterom 103

Til stades: Medlemmer	Varamedlemmer		
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Sølvi Hanssen	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy		Grete Gussiås	X
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Birgitte Moe	

Andre:
Kristin Øyen, Stamina HOT
Tove Istad, NAV Arbeidslivssenter

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	26.4.2013

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

1/2013	<p>Val av leiar og nestleiar i SAMU-T for 2013 Funksjonstida for medlemmene i SAMU-T er to år. Hovudverneombodet (sektorverneombodet) skal vere ein av dei faste arbeidstakarrepresentantane i utvalet. Leiar for SAMU-T blir valt vekselvis frå arbeidsgivarsida og arbeidstakarsida for eitt år om gongen. I 2012 hadde arbeidstakarsida leiarfunksjonen i utvalet.</p> <p>Samrøystes vedtak: Som leiar for SAMU-T i 2011 blir valt Gunnar Eikrem. Tone Nord blir for same tidsrom valt til nestleiar for utvalet.</p>
2/2013	<p>Årsrapport 2012 for SAMU-T SAMU-T har plikt til å utarbeide ein årsrapport som beskriv aktivitetane siste driftsår, jf. AML § 7-2. Rapporten er primært til verksemda sin eigen bruk, og skal kunne leggast fram ved tilsyn.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T godkjenner årsrapporten 2012 for utvalet sitt arbeid.</p>
3/2013	<p>HMS-årsrapportering 2012 Morten Larsen orienterte. Fylkeskommunens HMS-årsrapport for 2012 er ei oppsummering av rapportane frå alle driftseiningane i fylkeskommunen. Rapporten beskriv hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i tannhelsetenesta og gir signal for det vidare forbetningsarbeidet. Innan system-arbeidet har vi hatt ein framgang på dei fleste områda: Distrikta har no dokumentert organisering og rollefordeling på HMS-området, dei har egne HMS-mål, dei gjennomfører</p>

	<p>årlege kartleggingar og HMS-risikovurderingar og dei har handlingsplanar. Dei fleste medarbeidarane i tannhelsetenesta (91 %) har hatt medarbeidarsamtale. Berre 3 av distrikta fyller krava til miljøfyrtårnverksemd, 2 distrikt er ikkje sertifisert ved inngangen til 2013.</p> <p>Når det gjeld det fysiske arbeidsmiljøet er utfordringane særleg knytt til mangelfull universell utforming, statiske belastningar/mangelfull ergonomisk tilpassing av arbeidsplassane og dårleg inneklima/støykjelder knytt til mangelfull/dårleg fungerande ventilasjon. Rapporterte personskader (i hovudsak stikkskader) ligg på nivå med tidlegare årsrapportar.</p> <p>I 2012 registrerte vi eit sjukefråver på 6,2%. Dette er det lågaste fråveret sidan vi byrja å registrere fråveret med same metode (via Visma). Tendensen var lik i alle kvartala. Det er gruppa tannpleiarar som ligg høgast, med eit fråver på nær 9,3%. Dette er likevel lågare enn året før. For tannhelsesekretærer og tannlegar er fråveret på hhv. 6,6 % og 5,1 %. Det er langtidsfråveret som utgjer det store utslaget for alle gruppene. Aldersgruppene 20-39 år og 50-59 år har et høgare fråver enn dei andre aldresgruppene, også samanlikna med andre profesjonsgrupper i fylkeskommunen i same aldersgruppe.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar HMS-årsrapport 2012 for tannhelsesektoren til vitande. Distrikta skal prioritere hørselstestar og risikovurdering av støyfaktorar i samband med vernerundar/arbeidsmiljøkartlegging i 2013.</p>
4/2013	<p>Status i arbeidet med Regional delplan tannhelse</p> <p>Anthony N. Valen og Morten Larsen orienterte på bakgrunn av utsendt utkast til plandokument, som er ein "statusrapport" over prosjektarbeidet 3 månader før endeleg forslag til høyringsutkast skal leggjast fram for politisk behandling. Del 1 drar opp bakteppet for planarbeidet, og beskriv sentrale samfunnsendingar og utviklingskrefter som vil påverke den framtidige tannhelsetenesta. Del 2 inneheld dei overordna målsettingane og beskriv kva vi legg i dei gjennomgåande perspektiva kvalitet, profesjonalisering og pasientsikkerheit. I del 3 beskriv vi nærare 3 innsatsområde - kompetanse, struktur og samarbeid/folkehelse - som kvar for seg, og saman, vil definere organiseringa av den framtidige offentlege tannhelsetenesta. Regional delplan skal følgjast opp gjennom handlingsprogram (for det enkelte innsatsområdet), som skal rullerast årleg. Handlingsprogramma skal sikre god samanheng mellom plan, verkemiddel og gjennomføring.</p> <p>Det er semje om at strukturen i planutkastet kan nyttast i den endelege plana.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om status i arbeidet med regional delplan tannhelse til vitande.</p>
5/2013	<p>Orienteringar frå fylkestannlegen</p> <ul style="list-style-type: none"> <p>Problem i samband med IT-omlegging veke 51/2012-3/2013. Driftsproblema resulterte i manglande tilgjenge til fagprogrammet OPUS for klinikkane på tilsaman 126 dagar. Klinikane har vore utan moglegheiter til å ta røntgenopptak på tilsaman 527 dagar. Disse to tilgjengelighetsavvik har hatt sikkerheitsmessige konsekvensar med omsyn til diagnosekvalitet pga. manglande røntgen og manglande tilgang til anamnesticke opplysningar. Eit fleirtal av klinikkane har gitt tilbakemelding på at IT-problema har gått utover pasientsikkerheita. 33 klinikkar rapporterer redusert klinisk aktivitet i det aktuelle tidsrommet. Pasientane har hatt redusert tilgang på tenestene i et omfang på 1339 timer. Tilbakemeldingane frå klinikkane gir ingen indikasjonar på at IT-problema har medført uautorisert tilgang til journalar. IT-problema skuldast datatekniske problemstillingar som no blir utgreia av IT-seksjonen i samarbeid med NDD. Fylkestannlegen sitt med</p>

inntrykk av at manglande risikovurdering i forkant av IT-omlegginga og uklar organisering/gjennomføring av omlegginga kan ha bidratt til den uheldige situasjonen.

- **Økonomirapport 2012.**

Tannhelse hadde i 2012 ei samla driftsramme på 119,6 mill. kroner og eit meirforbruk på 3,8 mill. kroner. Meirforbruket skuldast i hovudsak tilsetjing av fleire behandlarar enn det ein har budsjettramme til, meir stabil bemanning enn tidlegare, og innleige av vikartenester. Medverkande årsaker er også m.a. data-problem på slutten av året, og 1 mill. av underskotet vil bli dekt gjennom skadefondet.

- **Varslingsinstruks for tannhelsesektoren ved akutt sjukdom/ulykke.**

Ny instruks er oppdatert per 12.2.2013, og er gjort tilgjengeleg i det elektroniske HMS-systemet og på intranett ("Mi side").

- **Endring i påskjøningsreglane.**

I fylkeskommunen sitt påskjønningssystem framgår det at overtannlegane skal sørgje for merksemd til tilsette ved fylte 50 og 60 år. Frå 2013 utgår sølvskje med inskripsjon som standard gåve ved fylte 50 og 60 år. Ved val av gåve skal det takast omsyn til jublantens egne ønske. Gåva skal ikkje utbetalast i kontantar. Gåvekort som ikkje kan løysast inn i kontantar er likestilt med gåve.

- **Tannbehandling med laser.**

Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal har investert i utstyr for laserstøtta tannbehandling på distriktstannklinikken St. Carolus i Molde og distriktstannklinikken i Langevåg. Fylket er blant dei første i landet som kan tilby denne innovative teknikken i tannbehandlinga. 12 tilsette frå tre av klinikkane har fått opplæring i februar ibruk av utstyret.

- **TOO-kurs i regi av TkMN.**

TkMN arrangerar i mars tverrfagleg kurs i relasjonskompetanse knytt til behandling av pasientar med odontofobi og pasientar som treng eit tilrettelagt tilbod etter tortur/overgrep.